HANDLINGSPLAN 2021/2022

1. Arbeidsutvalet skal arbeide for at det vert lagt til rette for at studentar kan leve grønt og berekraftig.
2. Arbeidsutvalet skal styrke kontakten mellom studentdemokratia i Oslo og omland.
3. Arbeidsutvalet skal vidareutvikle og sikre god dialog med andre Velferdsting og studentdemokrati med same virkeområde.
4. Arbeidsutvalet skal arbeide for at studentar skal få rabatt tilsvarande honnør på kollektivtransport og at tilbodet vert tilgjengeleg for alle heiltidsstudentar.
5. Arbeidsutvalet skal i samarbeid med andre aktørar arbeide for at kommunen betra vilkåra for studentbustadbygging ved å eksempelvis redusere behandlingstida for reguleringsprosessar, fjerne rekkjefølgjekrav og prioritere nye tomter til bygging av studentbustader.
6. Arbeidsutvalet skal arbeide for at tilskotsordninga utvidas, slik at ein framover også får støtte til rehabilitering av studentbustader.
7. Arbeidsutvalet skal arbeide for at både Oslo kommune og Lillestrøm kommune skal lage ein heilskapleg strategi med tiltak for å sikre dei lokale studentanes velferd og sikre vidareutvikling av Oslo og Lillestrøm som attraktive studentbyer.
8. Arbeidsutvalet skal arbeide for at den nye kommunale alkoholpolitiske handlingsplanen vert meir studentvennleg, og at kravet om SALUTT-kurs enten fjernast eller at føresetnadane for kurset endras til fordel for studentpubbane som er drifta på frivillige.
9. Arbeidsutvalet skal arbeide for ei utbetring av bysykkeltilbodet. Spesielt betre tilgjengelegheit ved studentbyane.
10. Arbeidsutvalet skal opprette ein generell samarbeidsavtale mellom Velferdstinget og SiO. Avtalen skal godkjennast av Velferdstinget.
11. Arbeidsutvalet skal saman med Studentsamskipnaden SiO, myndighetene og studentdemokratia arbeide for å forbetre situasjonen belyst av tilleggsundersøkinga Studentanes Helse- og Trivselsundersøking (SHoT).

12. Arbeidsutvalet skal gjennom perioden lage relevante kampanjar. Her under samarbeide med relevante aktørar for å promotere ny SHoT-undersøking i 2022 for å få best mogleg oppslutning, og arbeid med å få flest mogleg studentar til å stemme i stortingsvalet 2021.

13. Arbeidsutvalet skal saman med Velferdstinget arbeide for god møtekultur.

14. Velferdstinget skal arbeide for å styrke studentfriviljugheita i Oslo og omland, blant anna gjennom å arrangere en Studentfrivillighetskonferanse og ved å kople seg på Frivillighetens år 2022.

15. Arbeidsutvalet skal saman med relevante aktørar arbeide for ein god studiestart på tvers av dei tilknytte utdanningsinstitusjonane både på hausten og på våren.

16. Arbeidsutvalet skal arbeide for at Studentsamskipnaden SiO skal opprette ein felles kalender for alle studentarrangement i Oslo og omland.

17. Arbeidsutvalet skal sørgje for at Studentsamskipnaden SiO føretar ei opprusting av kunstgrasbanen utanfor Domus Athletica.

18. Arbeidsutvalet skal i samarbeid med SiO og andre aktørar arbeide for å realisere det nye studenthuset i sentrum fram mot 2024.

19. Velferdstinget skal revidere tildelingskriteria og tildelingsprosessen.

20. Velferdstinget skal revidere sitt idrettspolitiske dokument.

21. Velferdstinget skal revidere reglement for tildeling av studentbustad i SiO.

22. Velferdstinget skal utvikle eit karrierepolitisk dokument.

23. Arbeidsutvalet skal samarbeide med SiO om å gjennomføre ei kartlegging av korleis institusjonane legg til rette for studentfrivilligheten og korleis studentane får informasjon om studentfrivillighet som finn stad på andre institusjonar enn sin eigen.

24. Arbeidsutvalet skal arbeide med å kartleggje situasjonen for studentar på den private bustadmarknaden og utvikle politikk på feltet, for å betre å kunne ivareta og styrke rettighetane til dei rundt 86% SiO-registerte studentane som ikkje bur i ein studentbustad, men på den private på bustad- og leigemarknaden.

25. Arbeidsutvalet skal i samarbeid med kontrollkomiteen innhente erfaringar frå eksterne og samarbeidsorganisasjonar for å betre møteeffektiviteten og

møtekulturen. Her skal vedtektene og møtedrifta endras slik at konstituering og møtegjennomføringa samkjørast.